



Notat

Dato: 05.01.2017
Arkivsak: 2016/9494-17
Saksbehandlar: maraskv

Til: Per Morten Ekerhovd

Frå: Ronny Skaar

Produsent av UKM-festivalen i Hordaland. Vurdering

Bakgrunn

Gjennom meir enn 30 år har Ung Kultur Møtest (UKM) utvikla seg til å bli det som i dag sjåast som ei av dei tre viktigaste offentlege satsingane på barne- og ungdomskultur, saman med kulturskulane og det omfattande programmet for kunst- og kulturformidling til skulen. UKM Hordaland er godt forankra, og Hordaland fylkeskommune har ansvar for arbeidet med UKM Hordaland og å gjennomføre den årlege UKM-festivalen i Hordaland.

Hausten 2014 vart ansvaret for UKM Hordaland flytta tilbake til Kultur og idrettsavdelinga i HFK frå Hordaland barne- og ungdomsråd (HBUR). Hovudårsaka til omlegginga var at fylkeskommunen skulle ta tydelegare ansvar for vår viktigaste satsing på barne- og ungdomskultur, i tillegg til å kunne gjennomføre ein tettare dialog om UKM lokalt, regionalt og nasjonalt. Utforande eining på KIA er Seksjon for kunst- og kulturformidling

Fylkeskontakten i UKM har ansvar for arbeidet med UKM Hordaland gjennom heile året. I Hordaland vart fylkeskontakten frå hausten 2014 ein tilsett i seksjon for kunst- og kulturformidling. Fylkeskontakten fungerer som mellomledd og informasjonskanal mellom UKM nasjonalt, regionalt og lokalt. Dette inneber også jamleg dialog med ungdommar i UKM Hordaland sitt nettverk; Unge Arrangørar (UA) og ungdommens referansegruppe (URG). URG vart etablert i 2009 av UKM Norge og er ei gruppe ungdommar som gjennom heile året jobbar for å skape eit betre UKM for deltakarane.

Samarbeid med teknisk arrangør 2015

Arbeidet med å engasjere ein teknisk arrangør til UKM Hordaland sin fylkesmønstring 2015 starta hausten 2014. I utgangspunktet ville det vore rett å kontakte minst tre aktørar med førespurnad om tilbod, men ved dette høvet var det to aktørar som vart vurdert; HBUR og AKKS Bergen. Årsaka til dette var at det så langt vi kunne sjå, eksisterte det ikkje andre aktørar innan det organiserte frivillige kulturlivet med nødvendig kompetanse på arrangør- og ungdomsfeltet. Kulturutviklingsperspektivet i eit partnerskap var tungt vektlagt i denne samanhengen og det hadde difor ikkje vore aktuelt å gi eit pristilbod til kommersielle tilbydarar. Vi ønskte å nytte UKM Hordaland til å utvikle kulturlivet og ville at UKM Hordaland skulle vere til nytte for ei samarbeidspartnar innan det organiserte frivillige kulturfeltet, slik at samarbeidet ville komme organisasjonen sin eigen aktivitet og deira kulturelle målsetjing til gode. Etter ei grundig vurdering vart AKKS Bergen valt som teknisk arrangør i fylkesmønstringa av UKM Hordaland i 2015 (ref: 2014/19523-17). Kontrakt med AKKS Bergen om dette samarbeidet vart gjeldande frå 01.01.-01.07.15 med ein verdi på 100 000 kroner (ref: 2014/19504-24).

Våre erfaringar frå UKM fylkesmønstringa i 2015 var at det var naudsynt å ha ein samarbeidspartnar der kontrakten hadde ei lengre varigheit enn 6 månader. I tillegg var det naudsynt at denne ikkje berre var

teknisk arrangør av fylkesmønstringa, men som produsent i form av nokre fleire samarbeidsoppgåver gjennom heile året.

Samarbeid med produsent for åra 2016-2017

12.08.2015 vart HBUR og AKKS Bergen invitert til å delta i ein konkurranse om anskaffing av produsent til UKM-festivalen i Hordaland for 2016 og 2017 (ref: 2014/19504-73). Anskaffinga av oppdraget som produsent hadde ein samla verdi på 300 000 kroner som er under nasjonal terskel. Saka vart difor handsama etter del I i forskrift til lov om offentlege anskaffingar. I utgangspunktet ville det ha vore rett å kontakte minst tre aktørar med førespurnad om tilbod til dette oppdraget. Ved dette høvet var det to aktørar, HBUR og AKKS Bergen, som fekk førespurnaden. Årsaka til at to aktørar fekk denne førespurnaden, er at det så langt vi kunne sjå, eksisterte det ikkje nokon andre aktørar innan det organiserte frivillige kulturfeltet som har ein slik unik kompetanse på arrangør- og ungdomsfeltet som er naudsynt til dette oppdraget. Både HBUR og AKKS Bergen gav tilbod innan fristen.

Ettersom kompensasjonen for oppdraget var fast (150 000 kroner per år), var det kvaliteten på innhaldet i leverandøren sitt tilbod som vart avgjerande for kven som skulle oppdraget. Leverandør skulle i sitt tilbod gi ei kort skildring til gjennomføringsplan der ein tok utgangspunkt i innhaldet i oppdraget og kva oppgåver dette ville innebere, jf. invitasjonen, noko begge organisasjonane leverte i sitt tilbod. I tillegg skulle leverandør gi ei kort skildring av avsette ressursar, samt kompetanse og erfaring til dei som skal gjere arbeidet. Leverandøren skulle også skildre korleis kulturutvikling vert fremja gjennom deira arbeid med oppdraget.

Vi vil at UKM Hordaland vert nytta til å utvikle kulturlivet og vil at UKM Hordaland skal vere til nytte for ein samarbeidspartnar innan det organiserte frivillige kulturfeltet, slik at samarbeidet vil komme organisasjonen sin eigen aktivitet og deira kulturelle målsetjing til gode. Kulturutviklingsperspektivet var igjen tungt vektlagt i vurderinga om val av samarbeidspartnar om UKM Hordaland. Kompetanse og gjennomføringsevne til leverandør var og viktige vurderingsmoment, særleg med tanke på kor viktig det er for deltakarane at UKM-festivalen i Hordaland vert gjennomført som eit godt arrangement. Andre moment i vurderinga var at samarbeidspartnar viste vilje til vidareutvikling av UKM Hordaland, viste til eit aktivt kulturarbeid på feltet for barn og unge, i tillegg til god arbeidskapasitet og lengre erfaring med denne type arrangement. Sistnemnte var viktig med omsyn til UA og URG under UKM-festivalen i Hordaland.

Tilbodet frå AKKS Bergen skilte seg svært positivt ut i sin skildring til gjennomføringsplan av UKM-festivalen i Hordaland som arrangement i 2016 og 2017 og i sin skildring av korleis kulturutvikling vert fremja gjennom deira arbeid med oppdraget.

Etter ei grundig og heilskapleg vurdering vart det konkludert at AKKS Bergen ville vere den samarbeidspartnar med høgast kompetanse på gjennomføring av UKM-festivalen i Hordaland som produsent for åra 2016 og 2017 (ref.: 2014/19504-76). AKKS Bergen har gjennom fleire år markert seg som ein svært kompetent arrangør med ungdom som målgruppe. Organisasjonen har brei og unik kompetanse knytt til arrangørfeltet, samt rekruttering og synleggjering av unge som har ei interesse for kultur. Saman med ungdommar bidreg AKKS Bergen til å styrke arrangørkompetansen i Hordaland. Som produsent for UKM-festivalen i Hordaland 2016 og 2017 vil AKKS Bergen få høve til å aktivt bidra til ung kultur på ein ny måte. For gjennomføringa av UKM-festivalen for desse to åra, og arbeidet med nytenking og vidareutvikling, vart det vurdert som eit trygt val å inngå avtale om samarbeid med AKKS Bergen. Kontrakt med AKKS Bergen gjeld frå 01.01.16-31.12.17 (ref.: 2015/10661-3)

Vurdering av kontraktgjennomføring og vegen vidare

Kontrakt med produsent har no vart i litt over eit år og vi har opplevd samarbeidet som svært godt. Produsent har gjennomført krava i samarbeidskontrakten og leverer med høg kvalitet. Produsent og fylkeskontakt har hatt ei jamleg og god dialog, både i form av fysiske møter og møter gjennom Skype. Produsent stiller på alle møter med ungdomsgruppa og fylkeskontakten har fått fleire tilbakemeldingar frå UA og URG om at dei er svært nøgd med innsatsen til produsent.

Produsent har eit godt nettverk som stiller opp som frivillige i sekretariatet, billettsalet eller som dørvakt under UKM-festivalen i Hordaland.

Det er litt over to år sidan Kultur- og idrettsavdelinga flytta tilbake arbeidsoppgåvene som følgjer med UKM Hordaland. I denne perioden har det vore gjennomført fleire nysatsingar for å følgje utviklingsaspektet i UKM. UKM-festivalen i Hordaland er i dag ein tre-dagars festival der deltakarar får oppleve mykje meir enn ein kort opptreden.

Etter desse to åra der mange endringar er implementert i UKM Hordaland vurderer vi det slik at arbeidsoppgåvene framleis er under utprøving og såleis ikkje ferdig utarbeidde. Korleis oppgåvefordelinga mellom seksjon for kunst- og kulturformidling (fylkeskontakten) og hos produsent i åra framover er eit spørsmål som ikkje er lett å svare på. Vi vurderer situasjonen i arbeidet med UKM i Hordaland at det tek tid å gå seg til. Med ei brukargruppe (deltakarane) som ofte er nye frå år til år, er arbeidet med utvikling særskilt viktig i UKM Hordaland. Produsent har vist både vilje og evne til gjennomføring på dette området i samarbeid med fylkeskontakt.

Arbeidet for fylkeskontakten knytt til det nasjonale og lokale nettverket har vist seg å vere ei større oppgåve enn først antatt. Arbeidet har vore fylgt opp av fylkeskontakten i desse åra.

Erfaringar frå arbeidet med UKM Hordaland i 2016 har gitt tydelige implikasjonar på at det er naudsynt med fleire kriteria som må liggje hos ein samarbeidspartnar (produsent) til arbeidet med UKM Hordaland. Samla liste med kriteria hos ein produsent er følgjande:

1. Frivillig organisasjon på kulturfeltet.
2. Solid kompetanse og erfaring på arrangør- og ungdomsfeltet.
3. Minimum 3 tilsette i organisasjonen. Med 3 tilsette er det ikkje meint at dette må svare til 3 årsverk.

Grunngjevinga til punkt 3 er at vi ikkje ønskjer å stå overfor ein situasjon der seksjon for kunst- og kulturformidling må overta oppgåvene til produsenten. Dette vil kunne skje dersom organisasjonen som har produsent-oppgåvene har færre enn 3 tilsette og at den personen som har ansvaret med å arbeide som produsent sluttar og det tek lang tid å få på plass ein ny tilsett til desse oppgåvene.

Konklusjon

Kultur- og idrettsavdelinga v/Seksjon for kunst- og kulturformidling står ansvarleg for arbeidet med UKM Hordaland og at UKM-festivalen i Hordaland vert avvikla kvart år. Til dette arbeidet er det naudsynt med eit samarbeid om den praktiske gjennomføringa og samarbeid på utvikling av UKM Hordaland med ein produsent. Arbeidet med UKM Hordaland framleis er under utvikling og vi så langt har erfart at det er noko fleire kriteria som må liggje til grunn hos organisasjonen det vert samarbeidd med. Av frivillige organisasjonar på kulturfeltet i Hordaland er det så langt Hordaland fylkeskommune kan sjå, ingen andre enn AKKS Bergen som oppfyller desse kriteria. Seksjon for kunst- og kulturformidling anbefalar difor at Hordaland fylkeskommune vidarefører kontrakt med AKKS Bergen med inngåing av ny kontrakt for åra 2018-2019.

Seksjon for kunst- og kulturformidling har vore i dialog med Seksjon for innkjøp i denne saka og fått munnleg tilbakemelding om at ein forlenging av denne kontrakten med 2 år ikkje vil vere i strid med loven om offentlege anskaffingar. Dette fordi totalkostnaden ligg under nasjonal terskel (300 000 kroner for åra 2018-2019) og at grunngjevinga presentert knytt til kriteria er vurdert som rimeleg.

Som produsent for UKM-festivalen i Hordaland 2018 og 2019 vil AKKS Bergen få høve til å aktivt bidra til ung kultur på ein ny måte. For gjennomføringa av UKM-festivalen for desse to åra, og arbeidet med nytenking og vidareutvikling, ser vi det som eit trygt val at AKKS Bergen står som produsent for festivalen.

På denne bakgrunn vert AKKS Bergen valt som produsent for UKM-festivalen i Hordaland for åra 2018-2019.

Det vil i 2019 bli gjennomført ny evaluering av samarbeidet med produsent, mellom anna i lys av regionreforma.

